

Forbetringsarbeid i praksis – psykisk helsevern

Psykiatrisk divisjon, Haukeland Universitetssjukehus, Helse Bergen HF

Bakgrunn og samandrag:

I Psykiatrisk divisjon, Helse Bergen, har ein i mange år drive systematisk forbetringsarbeid, spesielt ved forbetringsmetoden "Prosessforbedring i klinisk praksis" (1, 2), i "Læringsnettverket", Psykiatrisk divisjon (3), samt gjennom deltaking i Legeforeningen sine Gjennombruddsprosjekt (4). På denne måten har fagpersonell i divisjonen fått kjennskap til, opplæring og røynsle i kvalitetsforbetringsarbeid.

Vi vidarefører dette arbeidet på ein endå meir systematisk måte, med deltaking og involvering frå alle deler av organisasjonen, for å integrere praktisk kvalitetsarbeid i ein organisatorisk læringsprosess.

Prosjektet er eit koordinert kvalitetsarbeid i heile divisjonen, med deltaking frå alle 5 klinikkar i divisjonen, sterk støtte frå divisjonsledelsen og klinikkjefar, og omfattande opplærings- og motivasjonsarbeid blant fagpersonalet. Forbetringsarbeidet er organisert i små forbedringsteam knytt til klinisk eining, med strukturerte oppgåver i kartlegging, målformulering, skildring av tiltak, måling av baseline- og avslutningsdata og endring, samt grafisk framstilling av resultat.

Prioriterte forbetningsområde:

- Systematisk bruk av faglege retningslinjer (utgreiing/ diagnostikk, suicidal-vurderingar, sjølvskading, aggresjonshandtering).
- Sterkare pårørande-involvering og medverknad.
- Effektiv behandling: kortare evalueringstider, betre dokumentasjon.
- Kortare ventetider spes for barn/ ungsom under 23 år.
- Effektiv behandling: måling og evaluering av behandlingseffekt.
- Betre samhandling med primærhelseteneste ved tilvising, avslutning og delt behandlingsansvar.

Prosjektet og det langsiktige kvalitetsarbeidet byggjer opp under dei nasjonale strategiar for kvalitetsforbetring i helsetenestene (6), med vekt på å styrke både faglegheit (bruk av faglege retningslinjer), brukarmedverknad og gode pasientforløp for pasientar med kroniske lidningar.

Prosjekt mål:

- Styrke faglighet og effektivitet i tenestene.
- Styrke pårørandearbeidet.
- Styrke samhandling med primærhelseteneste
- Skape ein organisasjonskultur for kvalitetsforbedring og overføring av kunnskap.

Gjennomføring:

- Gjennomføre eit koordinert forbetningsarbeid i Psykiatrisk divisjon 1.1.08 - 1.10.08
- Konkrete tverrfaglege forbetningsprosjekt i alle kliniske einingar.
- Arrangere felles samlingar og presentasjon av arbeidet.

Overføringsverdi:

Både kunnskap om kvalitets- og endringsmetodikk og resultat frå arbeidet vil vere relevante for andre einingar: Metodikken fordi den er aktuell å bruke i alle arbeidsprosessar der ein skal auke kvalitet og redusere avstanden mellom det ein veit og det ein faktisk gjer; resultatata fordi dei viser kor nyttig og effektivt slikt arbeid kan vere.

Erfaringsmessig er dette arbeid som kan skape stor motivasjon for å komme i gang med eige kvalitet- og endringsarbeid.

Prosjektansvarleg/ kontaktperson:

[Bjarte Stubhaug](#)

Fagsjef, Psykiatrisk divisjon